



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/9179-1

## Klage på vedtak om skuleskyss

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen frå Ove Uglum med føresett til følgje.

Vedlegg:

- Klage frå føresett ved e-post av 09.11.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, dagsett 17.11.16

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Vedtak om skuleskyss
- Varsel om opphør av skyssrett 11.10.16
- Vedtak om omgjering av skyssrett dagsett 07.11.16

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Elevar i vidaregåande skule har rett til gratis skuleskyss dersom avstanden mellom skulen og eleven sin heim er meir enn 6 kilometer, jf. opplæringslova § 7-2. Fylkeskommunen er ansvarleg for skyss av elevane etter opplæringslova § 13-4.

Ove Uglum går i 1. klasse på Sogndal vidaregåande skule. Ved starten av skuleåret 2016/2017 vart han innvilga gratis skuleskyss etter søknad gjennom Vigo. I vedtaksbrevet som følgde med skuleskysskortet, står det følgjande:

*«Vedtaket om skuleskyss er eit enkeltvedtak og er gjort på bakgrunn av adresseopplysningar vi har fått gjennom inntakslista eller utfylt søkerkjema. Avstanden kan endre seg dersom det kjem nye vegar som gjer at avstanden til skulen kortare, ved flytting eller byte av skule. Avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket vert oppheva dersom det viser seg at avstanden ikkje er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss.»*

Ved kontrollmåling fann fylkesdirektøren at avstanden mellom Uglum sin heim og skulen er 4,6 kilometer. Ove Uglum har difor ikkje rett på gratis skuleskyss etter opplæringslova.

Ved brev av 11.10.16 varsla fylkesdirektøren Uglum om at kontrollmålinga synte at han ikkje har rett på skyss. Uglum med føresette fekk høve til å uttale seg i saka innan tre veker, jf. forvaltningslova § 16. Fylkesdirektøren fekk ingen merknadar til brevet, og trekte attende skuleskysskortet ved vedtak av 07.11.16.

Merete Sande, som er eleven sin føresett, klaga på avgjerala ved e-post av 09.11.16. Klagen følgjer vedlagt. Underinstansen kunne ikkje sjå at det var kome fram nye moment i saka som talte for omgjering, og heldt fast ved vedtaket om å trekke attende skuleskysskortet. Fylkesutvalet er klageinstans for vedtak om skyss, jf. delegeringsreglementet punkt 3.20 nr. 4.

## **2. Klagaren har i hovudsak gjort gjeldande**

Klagaren stiller spørsmål ved kvifor avstanden mellom heim og skule er målt til 4,6 km, når avstanden for Ingvild, søstera til Ove, vart målt til 5,1 km ved kontrollmåling i fjar.

Klagaren syner også til at fylkeskommunen godt gjorde for privat køyring fra skulestart til juleferien førre skuleår for Ingvild, som gjekk siste året på Sogndal vgs.

Avslutningsvis stiller klagar spørsmål ved om fylkeskommunen meiner eleven skal gå til skulen, eller kva alternativ vi har.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

Elevar i grunnskulen som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda, jf. oppl. § 7-1. Det finst ingen tilsvarende unntaksregel fra avstandsgrensa for elevar i vidaregåande opplæring, sjå oppl. § 7-2. Elevar i vidaregåande skule har såleis ikkje rett til gratis skuleskyss på bakgrunn av at skulevegen er farleg eller vanskeleg. Dette har samanheng med at alderen til elevane i vidaregåande skule tilseier at dei skal greie å ferdast i trafikken sjølv om tilhøva ikkje er optimale.

Innleiingsvis i klagen spør føresett kvifor avstanden mellom heim og skule vart målt til 4,6 km, når avstanden tidlegare vart målt til 5,1 km for Ingvild Uglum som bur på same adresse. Forklaringa er at samferdsleavdelinga har målt to alternative vegar til skulen. Underinstansen sitt svar til klagar med forklaring og kart følgjer vedlagt. Uansett kva strekning ein legg til grunn for målinga, er avstanden klart under skyssgrensa.

Det er riktig at føresett i fjar fekk utbetalet skyssgodtgjersle for Ingvild Uglum fra skulestart og fram til jul. Bakrunnen er at avstanden ikkje vart kontrollmålt, og feilen oppdaga, før i desember 2015. Uglum difor utbetalet skyssgodtgjersle fram til skysskortet vart trekt attende 09.12.15.

Ove Uglum, som bur på same adresse, har heller ikkje rett på gratis skuleskyss. Likevel fekk også han innvilga gratis skuleskyss ved eit mistak. Ved starten av skuleåret vert dei fleste skuleskyss-korta produsert på bakgrunn av inntakslista til dei ulike skulane eller utfyldt søknadsskjema. Dette vert gjort for at flest mogleg skal få korta raskt i hende etter skulestart. For ein del elvar må det også hentast inn fullstendige adresser, eller gards- og bruksnummer for dei som ikkje har gateadresse. Samferdsleavdelinga har etter kvart fått god oversikt over kvar grensa for skyss går i høve dei ulike vidaregåande skulane, men det er likevel vanskeleg å plukke opp alle som ikkje har rett på skyss ved handsaming av søknadane. Dessverre hender det at nokre elevar får skuleskyss-kort jamvel om dei ikkje har rett på gratis skyss etter opplæringslova. I vedtaksbrevet om skule-skyss blir elevane difor informert om at «*avstanden mellom heim og skule kan verte kontrollmålt av fylkeskommunen, og vedtaket verte oppheva dersom det viser seg at avstanden ikke er lang nok til at du har rett til fri skuleskyss*». Formålet med kontrollmåling er at alle elevane i fylket skal handsamast likt i høve opplæringslova § 7-2.

Sidan Ingvild Uglum sitt skysskort vart inndrege i fjar, og avstanden opplyst om i brevet, burde føresett dessutan skjønt at heller ikkje Ove ville ha rett på skyss når han starta på Sogndal vgs. dette skuleåret.

Klagar peikar vidare på at utan skuleskyss er det vanskeleg å få skulevardagen til å gå opp, og stiller spørsmål ved om eleven skal gå til skulen, eller kva alternativ fylkeskommunen har. Som nemnt innleiingsvis har fylkeskommunen etter opplæringslova ansvar for skuleskyss av elevar som bur meir enn 6 km fra skulen. Elevar som bur nærmere skulen kan gå eller sykle til skulen, nytte kollektivtransport dersom det er mogleg, eller bli køyrt av foreldre eller andre. Det er ikkje fylkeskommunen sitt ansvar å sørge for skyss når avstanden mellom skule og heim er mindre enn 6 km. Avstandsgrensa i opplæringslova er fastsett på bakgrunn av elevane sin alder, og gjeld for elevar i heile landet.

## **4. Konklusjon**

Avstanden mellom heim og skule er 4,6 km, og Ove Uglum har såleis ikkje rett på gratis skuleskyss etter opplæringslova. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for å gjere om fylkes-direktøren sitt vedtak om å trekke attende skuleskysskortet, og rår fylkesutvalet som klagenemnd til å oppretthalde fylkesdirektøren for samferdsle sitt vedtak om tilbakekall av skuleskysskort for Ove Uglum.